

Statens vegvesen  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Dato: 08.11.2017  
Vår ref.: 2017/14467-7  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## **Klage over vilkår for tilsegn på førehand om løyve for avkøyrslø frå Fv 397 til gbnr 212/23 i Lindås kommune**

Vi viser til korrespondanse i nemnde sak.

Den fylkeskommunale klagenemnda gjorde i møte 24.10.17 følgjande vedtak:

1. Klage av 28.12.16 frå Jon Runar Harrison over Statens vegvesen sitt vedtak av 23.11.16 vert ikkje teke til følgje. Grunngeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.
2. Klage av 28.12.16 frå Nils Rune Nævdal over Statens vegvesen sitt vedtak av 23.11.16 vert ikkje teke til følgje. Grunngeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.
3. Klage av 15.06.17 frå I. Vassdal og J. Vassdal over Statens vegvesen sitt vedtak av 01.07.17 vert ikkje teke til følgje. Grunngeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Utskrift frå møteboka og saksframlegget følgjer vedlagt.

Vi ber om at de underrettar klagarane om vedtaket.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2017/14467-3  
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda	56/17	24.10.2017

### Klage over vilkår for tilsegn på førehand om løyve for avkøyrsla frå fv 397 til gbnr 212/23 i Lindås kommune

#### Samandrag

Saka gjeld tre separate klager som administrasjonen har fått oversendt på ein søknad om løyve for utvida bruk av avkøyrsla i overskrifta. Dei to første klagene kom frå søkjar og grunneigar med grunngjeving i at SVV hadde sett for strenge vilkår for sitt løyve for utvida bruk av avkøyrsla. SVV gjorde etter ny handsaming i første instans nytt vedtak der det blei letta på vilkåra. Etersom klagen berre delvis vert teke til følgje av SVV må den handsamast av klagenemnda. Privatrettslege tilhøve gjer at vedtaket som er påklaga frå to av partane ikkje kan la seg gjennomføre.

SVV sitt nye vedtak blei påklaga av to grunneigarar i lag. I denne klagen vert det ønskt at avkøyrsløyve ikkje skal gjevast i det heile.

Fylkesrådmannen sluttar seg til Statens vegvesen sine trafikkfaglege vurderingar i denne saka. Det inneber ei tilråding om at ingen av dei tre klagene vert teke til følgje.

#### Forslag til vedtak

1. Klage av 28.12.16 frå Jon Runar Harrison over Statens vegvesen sitt vedtak av 23.11.16 vert ikkje teke til følgje. Grunngjeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.
2. Klage av 28.12.16 frå Nils Rune Nævdal over Statens vegvesen sitt vedtak av 23.11.16 vert ikkje teke til følgje. Grunngjeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.
3. Klage av 15.06.17 frå I. Vassdal og J. Vassdal over Statens vegvesen sitt vedtak av 01.07.17 vert ikkje teke til følgje. Grunngjeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

#### Saksprotokoll i klagenemnda - 24.10.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Klage av 28.12.16 frå Jon Runar Harrison over Statens vegvesen sitt vedtak av 23.11.16 vert ikkje

teke til følgje. Grunngeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

2. Klage av 28.12.16 frå Nils Rune Nævdal over Statens vegvesen sitt vedtak av 23.11.16 vert ikkje teke til følgje. Grunngeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.
3. Klage av 15.06.17 frå I. Vassdal og J. Vassdal over Statens vegvesen sitt vedtak av 01.07.17 vert ikkje teke til følgje. Grunngeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 04.10.2017****Bakgrunn**

I brev av 01.06.16 søkte Jon Runar Harrison (søkjaren) Statens vegvesen (SVV) om løyve for utvida bruk av avkøyrsløse frå fv 397 til gbnr 212/23 i Lindås kommune (eigedom) (søknaden). Etter naudsynte avklaringar som framgår av vedlegga til saka, innvilga SVV søknaden på vilkår i brev av 23.11.16 (første vedtak).

Nils Rune Nævdal er som eigar av eigedom (Nævdal) part i saka, og har difor klagerett. I brev av 07.12.16 blei søknad frå han om utsett klagefrist på nemnde vedtak innvilga utan avgrensing til person.

I brev av 28.12.16 blei vedtaket påklaga av søkjaren med grunngjeving i vilkåra som SVV har sett. Det blei same dato sendt brev frå Nævdal til SVV som SVV handsama som ei klage under eitt med klaga frå søkjaren.

Av brev av 01.06.17 frå SVV til søkjaren går det fram at handsaminga av klagen blei utsett i samråd med søkjaren og Nævdal, for å ta omsyn til ein prosess med vurdering av trafikktryggleikstiltak ved Eikanger barneskule. I brevet er det kunngjort endring av vedtaket av 23.11.16 (andre vedtak) i form av nokre justeringar i klagarane sin favør. Etersom klagen berre delvis er tekne til følge er klagen frå søkjaren og Nævdal på det første vedtaket oversendt til klagenemnda som klageinstans.

SVV har i sitt brev 01.06.17, som m.a. har Jarle Vassdal som kopimottakar, orientert om rett til å klage på det andre vedtaket. Dette har størst relevans for andre enn dei som allereie hadde klaga, då SVV sitt nye vedtak delvis kom klagarane i møte, og den øvrige delen av saka i alle høve ville gå vidare til klagenemnda. I brev av 15.06.17 er SVV sitt andre vedtak påklaga av Ingunn Vassdal og Jarle Vassdal i lag (I. Vassdal og J. Vassdal). Desse er partar i saka fordi dei eig grunnen på avkøyrsløsepunktet. Vassdal og J. Vassdal ønskjer motsett utfall av saka enn søkjaren og Nævdal, det vil seie at søknaden frå søkjaren vert fullt ut avslått.

SVV har i brev av 16.08.17 vurdert klaga på det andre vedtaket, og konkludert med å ikkje ta den til følge (tredje vedtak). Denne klaga må difor også handsamast av klagenemnda.

Fordi dei tre nemnde klagen alle gjeld same sak, har fylkesrådmannen funne det naturleg klagenemnda handsamer dei tre klagen under eitt. Fylkesrådmannen gjer merksam på at fleire av henvisingane i SVV sitt oversendingsbrev av 16.08.17 ikkje stemmer med datoane for dei aktuelle breva. I dette saksframlegget er dokumenta attgjeve med retta datohenvisning.

**Søknaden**

Søknaden inneheld, forutan skjematisk skildring av det omsøkte tiltaket, kort m.a. følgjande tekst:

Eg regner ikke med at det er noe problem [å få løyve for avkøyrsløse] siden tomten har en vei fra før.

**Første vedtak av SVV**

I vedtaksbrevet kunngjer SVV følgjande vedtak, som dei heimler i veglova §§ 40-43:

Det kan påregnes brukstillatelse til utvidet bruk av eksisterende avkjørsel for bolig under forutsetning av at kravene nedenfor blir oppfylt.

Veg/sted: fv. 397 – hp 1 – km 0,820 / gnr. 212 bnr. 23 i Lindås kommune.

Vi gjør oppmerksom på at tilsagnet kun gjelder etter vegloven. Vi gjør særlig oppmerksom på at tiltak kan være søknadspliktige etter plan- og bygningsloven (kommunen) og at det kan være behov for å avklare privatrettslige forhold.

Vi setter følgende krav:

1. Avkjørselen skal være ferdig bygget i samsvar med vilkårene nedenfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innen 3 år – tre år fra datoen på dette vedtaket, ellers faller tilsagnet bort.
2. Kommunen skal ikke gi igangsettelsestillatelse til omsøkt bygg før endelig godkjent avkjørselstillatelse fra Statens vegvesen foreligger, jf. plan- og bygningsloven § 27-4. Når krav til frisikt er oppfylt, kan kommunen gi tillatelse til nødvendig grunnarbeid.
3. Avkjørselen må opparbeides i samsvar med vedlagte prinsippskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg* [SVV si kursivering], som ligger på lovdatab.no.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 6 meter inn i avkjørselen skal være minimum 45 meter til begge sider av kjørebane. På vedlagte skisse er siktsonene markert med gul farge. Eventuelle planter o.l. i siktsonene skal ikke være høyere enn 0,5 meter over tilhørende vegnivå, og vegbanen skal være synlig fra øyehøyde i avkjørselen. På nordsiden av avkjørselen må muren i siktsonen fjernes/senkes for å oppnå tilstrekkelig sikt. På sørsiden er det tilstrekkelig med vegetasjonsrydding.
5. Svingradius skal være 6 meter (diameter 12 meter). Svingradius skal markeres tydelig f.eks. med grøft eller annen avvisende kant mot sideterrenget. Det smaleste punktet i avkjørselen skal være maksimalt 5,5 meter bredt, og avkjørselen må derfor innsnevres.
6. Stigningskravene må holdes (se vedlagte prinsippskisse). Vi vil her spesielt gjøre oppmerksom på at avkjørselen skal ha et fall fra hovedvegen med 5 cm på de første 2 meterne.
7. Av hensyn til vedlikehold og trafikksikkerhet må det ikke samle seg vann i avkjørselen eller renne vann ut i fylkesvegen. Under avkjørselen skal det ligge dreneringsrør, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummer.
8. Det må være snu- og parkeringsplass på egen grunn. Det er ikke tillatt å parkere eller lagre utstyr, materialer eller annet i frisiktsonene.

Nils Rune Nævdal er som eigar av den aktuelle eiegen part i saka. I brev av 07.12.16 frå SVV blei han gjeve forlenga klagefrist til 04.01.17.

### Søkjaren si klage

Klaga frå søkjaren har følgjande ordlyd:

[...] Eg vil klage på dette vedtaket på grunnlag av at det tidligere er gitt dispensasjon til andre utbyggere i samme område i senere tid og at dette er siste tomten som ikke er bygget ut på denne avkjørselen.

Se også utfyllende informasjon på brev fra grunneier Nils Rune Nævdal.

**Nævdal si klage**

I brevet frå Nævdal, som SVV har handsama som ei klage, heiter det m.a følgjande:

[...]

Jeg ønsker å supplere med mer informasjon om tomt og avkjørsel, og ønsker at dere skal se på vedtaket på nytt, da vi ikke har fått samme krav som tidligere utbyggere. Det er også kommet ytterligere vedtak i området (se under). Kravene dere nå stiller gjør at tomten har liten verdi som boligformål.

[...]

- Tomten er opparbeidet med veg/parkeringsplass og har god plass til opparbeidelse av hus/garasje og parkering.

[...]

- Vi har disponert og brukt tomten i ca. 50 år som en fritidseiendom.
- Statens vegvesen har gitt dispensasjon de siste årene til **nyere utskilte** [grunneigar si utheving] tomter med dagens utforming av avkjørselen. Jørnbrekka 9 og 11 i 2013 bygget i 2014/2015, og Jørnbrekka 27 bygget ca. 2013. Villanger & sønner A/S fikk i 2013 løyve med andre krav enn oss. Der krever dere blant annet kun frisikt 40 meter mot Myking 4 meter inn i avkjørselen, men i vårt krav er det 45 meter 6 meter inn. I tillegg til større svingradius og krav til at vi skal legge ned dreneringsrør.
- Jeg har stilt meg villig til å utbedre sikten mot Myking, men [annen] grunneier vil ikke gi ifra seg tomt til utbedring av sikt.
- Det er ingen ny reguleringsplan i området eller planer om dette (etter utsagn fra Lindås kommune), så dette er den siste tomten (fra 1948) i Jørnbrekka som ikke er utbygd.

[...]

- Utkjørselen ble [...] utbedret av **Statens Vegvesen** [grunneigar si utheving] i 1995 og fartsgrensen på stedet ble satt ned [fra 80] til 50 km/t.
- Etter gjennomgang kan jeg ikke finne noe historikk om ulykker på avkjørselen.
- [...] de fleste kjører under [... fartsgrensen] p.g.a. barneskolen som ligger like ved.

[...] det skal komme fartsregulerende tiltak (fartsdempere).

[...]

Utrekning av sikt+fart vil gi en stopplengde på ca. 17 meter i 40 km/t og ca. 21 meter i 50 km/t, det er da ikke tatt hensyn til reduksjon pga. oppoverbakke inn mot utkjørselen.

Jeg har jobbet i Statens vegvesen i ca. 18 år, og jobber i dag med utekontroll og har også vært med i ulykkesgruppen for alvorlige ulykker i 11 år. Min yrkesfaglige oppfatning om avkjørselen er at den er god nok som avkjørsel med dagens trafikk og boenheter på Jørnbrekka.

[...]

Eg mener at slik avkjørselen er i dag tilfredstillende til sikker av/påkjøring og at kravene dere stiller er urealistiske.

Fylkesrådmannen finn grunn til å stille spørsmål ved om brevet frå Nævdal oppfyller krava i forvaltningslova § 32 til form og innhald, men finn det riktig at klageinstansen handsamar brevet som ei klage når underinstansen har gjort det, spesielt fordi søkjaren i si klage har vist til Nævdal sitt brev.

### Andre vedtak av SVV

Den nemnde prosessen med trafikktryggleikstiltak leidde til at det blei vedteke å etablere fartsdempande tiltak, humpar, over ei strekning som inkluderer avkøyrsla til den aktuelle eigedomen. Dette har SVV teke omsyn til i si handsaming av klagen.

På grunnlag av si nye vurdering av saka melde SVV frå om nytt vedtak i saka, også dette heimla i veglova §§ 40-43. Dette nye vedtaket er ei justering av det første vedtaket. Justeringa består av delvis ny ordlyd i vilkår nummer 4, 5, 6 og 8, og vilkår nummer 7 om drenering er teke bort. Denne endringa inneber at klagen vert delvis imøtekomen. Ny ordlyd i vilkår 4 er følgjande:

4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter [mot først kravt 6 meter] inn i avkjørselen skal være minimum 30 meter [mot først kravt 45 meter] til begge sider av kjørebanelen. På vedlagte skisse er siktsonene markert med gul farge. Eventuelle planter o.l. i siktsonene skal ikke være høyere enn 0,5 meter over tilhørende vegnivå, og vegbanen skal være synlig fra øyehøyde i avkjørselen. Det er behov for noe vegetasjonsrydding mot venstre, ellers regnes siktkravet som oppfylt i avkjørselen i dag.

Siktkravet er altså redusert i det nye vedtaket. Kravet om at muren må fjernast er også teke bort. Det kan lesast som å vere erstatta av ei ny sistesetning i vilkår nummer 5, som i sin heilskap lyder slik:

5. Svingradius skal være 6 meter (diameter 12 meter). Svingradius skal markeres tydelig f.eks. med grøft eller annen avvisende kant mot sideterrenget. Det smaleste punktet i avkjørselen skal være maksimalt 5,5 meter bredt, og avkjørselen må derfor innsnevres. Utformingen må tilpasses stedlige forhold, slik som dagens mur, og skal strekke seg minst 4 meter ut fra vegkant (hvitstripe).

I ordlyden i vilkår nummer 6 er det kome til ny siste setning.

6. Stigningskravene må holdes (se vedlagte prinsippsskisse), og avkjørselen skal ha et fall fra hovedvegen med 5 cm på de første 2 meterne. Dagens situasjon er tilfredsstillende i forhold til helning.

Ettersom tidlegare vilkår nummer 7 er teke bort, er tidlegare vilkår gjeve nummer 7.

### I. Vassdal og J. Vassdal si klage

I klaga frå I. Vassdal og J. Vassdal over det andre vedtaket heiter det m.a følgjande:

Det er pr. i dag 11 fastbuande og ei hytte som har avkjørsel til fv. 397. I tillegg er det 7 gardsbruk som har bruksrett til vegen (og krysset).

[...] Jeg anslår minst 50-60 passeringer [ÅDT av bilar] hver dag. I tillegg er det en lastebil [...] som også passerer her hver dag, og i tillegg kommer traktortrafikken [...].

All denne trafikken skal gjennom dette krysset, noe som har medført mange farlige situasjoner [...]. I tillegg til dette skal all denne trafikken også passere mellom huset og driftsbygningen vår. Veien der har en bredde på 2,5 – 3 meter [...].

I klaga vert det deretter orientert om at I. Vassdal og J. Vassdal ikkje vil avstå grunn for å gjere krysset større, og at utvida bruk kan ringe verdien av eigedommen deira. I klaga heiter det vidare m.a følgjande:

[...] sist det ble gitt tillatelse til avkjørsel her [...] jeg tror det var i 2012 eller -13. Da ble det sagt fra vegvesenet at dette var siste gang de ville gi et slikt løyve [...]

Dersom denne tomten og evn. andre tomter i dette området skal kunne bebygges, må veien legges om [...]. [...] omlegging har vært diskutert tidligere, og da var alle grunneiere enig om dette ville være en god løsning, og ville være positiv til grunn-avståing.

Deres [SVV] Øystein Hageseter har vært på synfaring og gav da uttrykk for det samme.

### Tredje vedtak av SVV

I SVV si nye vurdering av saka på grunnlag av klaga frå I. Vassdal og J. Vassdal heiter det m.a følgjande:

[...] Vassdal får økt trafikk over sin eiendom, som har betydning for trafikksikkerheten. [...]

Statens vegvesen har ikke tatt stilling til privatrettslige forhold [...] men har gjort oppmerksom på at det kan være behov for å avklare dette [...].

I denne saken har det ikke vært vurdert å flytte avkjørselen, ettersom søker og grunneier var tydelige på at søknaden deres gjaldt utvidet bruk av dagens avkjørsel, og eventuelle vilkår knyttet til denne. Det Vassdal skisserer som alternativ avkjørselsløsning vil kreve en ny søknad om å benytte et annet avkjørselspunkt.

Ved avkjørselsvurdering har Statens vegvesen fokus på trafikksikkerhet og fremkommelighet på hovedvegen, samt i avkjørselspunktet. *Håndbok N100 Veg- og gateutforming* og *V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss* [SVV sine kursiveringar] er sentrale for våre vurderinger, men lokale tilpasninger blir vurdert i den enkelte sak. Forhold på sidevegnettet blir i liten grad vurdert, og vil normalt sett være et forhold som må avklares med [andre].

Etter vår vurdering vil trafikksikkerheten i avkjørselspunktet til Jørnbrekka bli forbedret ved tiltakene som er beskrevet i forhåndstilsagnet [...]. [...] Statens vegvesen mener at alle brukerne av avkjørselen vil ha en fordel av det skisserte tiltaket.

SVV sluttar seg i si nye vurdering til I. Vassdal og J. Vassdal sitt overslag over ÅDT og framheld m.a følgjande:

Etter vår vurdering [...] gir ikke [dette] vesentlig endring av trafikksikkerheten på eiendommen.

Statens vegvesen er videre av den oppfatning at ved ytterligere utbygging i dette området bør kommunen fastholde plankravet i kommuneplanens arealdel, slik at utbygging og tilkomst i området blir vurdert samlet.

Slik vi ser det er søker i tillegg også avhengig av privatrettslig avtale med Vassdal for å kunne gjennomføre tiltak nr. 5 i forhåndstilsagnet, vedrørende opparbeidelse av svingradius.

[...]



Etter en helhetlig vurdering finner ikke Statens vegvesen trafikkfaglig grunnlag for å trekke tilbake forhåndstilsagnet til utvidet bruk av avkjørselen. Etter vår vurdering vil trafikksikkerhetsgevinsten ved å utbedre avkjørselen være større enn de trafikale ulempene tilknyttet økt trafikk over eiendommen.

### Anførsler frå Nævdal

I brev av 04.09.17 har Nævdal framsett følgjande anførsler (utdrag):

[...]. [...] eiendommen arva eg etter min mor [...]. Foreldrene mine brukte tomten til fritidseiendom i over 40 år. De lagde veg, parkeringsplass, snuplass [og anna].

Krav som er stilt frå vegvesenet om utbedring av veikrysset har eg stilt meg positiv til for å kunne avslutte saken og få en bedre vei for alle som bruker den. [...]

Etter dette vert det opplyst at I. Vassdal og J. Vassdal ikkje vil avstå grunn for å få oppfylt alle vilkåra i SVV sitt vedtak. Nævdal gjer vidare gjeldande at alternativet er at han må lage ein ny veg på 200 meter, og at det er urimeleg kostnadskrevjande og at ein slik veg vil bli nytta av dei som i dag nyttar den eksisterande vegen. Om dette heiter det i brevet så:

Dette finner eg svært urimelig og vil derfor be om å få vurdert saka mi med samme betingelser som ble gitt av Statens vegvesen ved utbygging av 2 nabotomter i 2013.

### Saksopplysningar

Veglova §§ 40-43, som SVV har heimla sine vedtak i, lyder som følgjer:

§ 40. Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå [...] fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret [...].

Regionvegkontoret kan krevje av avkjørsle frå [...] fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. [...]

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

§ 41. Regionvegkontoret kan påby avkjørsle frå [...] fylkesveg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.

[...]

§ 42. [Om sanksjonar.]

§ 43. Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. [...] I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisktliner mellom avkjørsle og den offentlege vegen. Om vegstyresmakta finn det naudsynt, kan slike frisktliner òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyresmaktene kan òg sette som vilkår [...] at eigaren eller brukaren av avkjørsle syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyresmakta.

Eigaren eller brukaren av eiendommen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eiendommen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad. [Fylkesrådmannen si understreking.]

Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyresmakta for at vasslaup under avkjørsla blir halden ope.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter denne paragrafen for [...] fylkesvegar [...],

### **Fylkesrådmannen si sams vurdering av klagene**

Fylkesrådmannen finn ikkje feil eller manglar i SVV sine saksutgreiingar, vedtak eller grunngjevinga for desse, herunder dei trafikkfaglege vurderingane som er gjort.

Saka gjeld altså tre ulike klager på same vedtak, der det er to stikk motsette ønskje om korleis vedtaket skal endrast. Søkjaren og Nævdal ønskjer lettare vilkår for avkjørsleløyve, mens I. Vassdal og J. Vassdal ønskjer at det ikkje vert gjeve løyve for utvida bruk av avkjørsla i det heile.

Fylkesrådmannen konstaterer at SVV sitt første vedtak ikkje blei påklaga innan klagefristen av I. Vassdal og J. Vassdal. SVV sitt andre vedtak kom som følgje av ny vurdering av saka i første instans av etter klagene frå søkjaren og Nævdal.

Då det andre vedtaket berre inneheldt ei delvis endring av det første, kan det reisast tvil om I. Vassdal og J. Vassdal har klagerett på dei delane av det andre vedtaket som inneber ei endring av det første. Det kan likevel gjerast gjeldande at endringa av det første vedtaket set heile saka i eit nytt lys. Ettersom SVV har teke heile klaga frå I. Vassdal og J. Vassdal til handsaming, finn fylkesrådmannen det rett å gjere det same.

Det andre vedtaket er ikkje påklaga av søkjaren og Nævdal, men fordi Nævdal i si klage, som søkjaren viser til, ikkje har sett noko konkret grense for kva Nævdal vil akseptere av vilkår vil fylkesrådmannen med same grunngjeving som i klaga frå Nævdal vurdere om også dei justerte vilkåra som SVV sette i sitt andre vedtak er for strenge.

SVV er samde med I. Vassdal og J. Vassdal om at det ikkje er forsvarleg med ekstra trafikk gjennom avkjørsla slik den er i dag, men at det vil vere det dersom avkjørsla vert utbetra slik det framgår av vilkåra i SVV sine vedtak. Søkjaren og Nævdal meiner at den ekstra trafikkmengda som vil kome som følgje av avkjørsleløyvet ikkje gjer det naudsynt med utbetring av avkjørsla. Fylkesrådmannen stør seg i vurderinga av dette spørsmålet på SVV si vurdering. Det inneber at fylkesrådmannen ikkje kan tilrå å ta klagene frå søkjaren og Vassdal til følgje. Fylkesrådmannen kan heller ikkje tilrå å ta klaga frå I. Vassdal og J. Vassdal til følgje, ettersom det er tilrådeleg med ekstra trafikk under føresetnad av at avkjørsla vert utbetra.

SVV har i sine vedtak spesifisert krava til utbetring av avkjørsla med henvising til lovheimla handbøker om utforming av kryss.

Det er i utgangspunktet ein føresetnad for effektivering av begge SVV sine vedtak at I. Vassdal og J. Vassdal, som ikkje ønskjer at det vert gjeve løyve for utvida bruk av avkjørsla, avstår grunn for same føremål. Søkjaren og Nævdal kan dermed ikkje gjere den utbetringa av avkjørsla som dei ønskjer for å oppfylle vilkåra som SVV har sett.